

05/20 Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) - Årsrapport 2019

Annakvart år, i samband med årsmøtet og landstinget i LNK, legg organisasjonen fram ei fyldig årsmelding og revidert rekneskap for dei siste to driftsåra. Dei åra det ikkje er årsmøte og landsting dokumenterer LNK aktiviteten sin gjennom ein enklare årsrapport. Styret vurderer det slik at denne rapporten, saman med revidert rekneskap for meldingsåret, gjev eit godt bilet av drifta i organisasjonen.

Kommune- og regionreformene

Sidan kommune- og regionreformene i praksis ville kunne få konsekvensar for mange av dei oppgåvene LNK arbeider med, valde styret å sjå arbeidet med reformene som ein integrert del av den generelle drifta. Føringane i tilsegnsbreva frå KMD for 2015, 2016 og 2017 var at LNK skulle informera kommunane om moglege språklege konsekvensar av kommune- og regionreformene, og tilby rådgjeving. Frå og med driftsåret 2018 er heile driftstilskotet til LNK løyvd frå kulturbudsjetten.

Styret i LNK har altså arbeidd med språklege konsekvensar av kommune- og regionreformene sidan våren 2014, og LNK har følgt reformprosessen tett. Reformene, og språklege konsekvensar av desse, har mellom anna vore drøfta på alle styremøta i 2019. Eit krav frå starten av har vore at det framover blir teke særlege omsyn til den lokale språksituasjonen ved kommunesamanslåingar. Styret bad administrasjonen utarbeida eit oppdatert dokument som skulle analysera og ta høgde for kva konsekvensar reformene ville få. Dette dokumentet blir oppdatert kvar månad og er til ei kvar tid tilgjengeleg på LNK.no. Styret har vedteke at dette arbeidet skal halda fram også i 2020, altså etter at reformprosessane er formelt avslutta.

Reformene har vore sentrale tema på nett, på kurs og konferansar og i nyhendebrev i meldingsåret. Mellom anna handla store delar av programma under landstinget i 2017 og 2019 om språklege og kulturelle konsekvensar av kommune- og regionreformene. Deltakarane på landstinga i Ulsteinvik og Førde var opptekne av at LNK skulle følgja desse prosessane tett.

LNK, ved styreleiar/andre i styret/dagleg leiar, gjennomfører kvart år opp til 30 medlemsbesøk. Kommune- og regionreformene, og spørsmål knytt til desse, har vore viktige tema på alle desse møta.

I handlingsprogrammet heiter det altså at LNK skal arbeida for å setja språkspørsmål på dagsorden i nye samanhengar. Det har organisasjonen gjort ved å knyta språk tett opp til kommune- og regionreformene. LNK har kontakta dei kommunane der ein ser at reforma kan føra med seg uheldige språklege konsekvensar, tilbydd råd i denne samanhengen og peika på løysingar. Alt i alt har arbeidet med reformene gjennomsyra så godt som alle avdelingar og arbeidsfelt i LNK i dei siste åra.

LNK har følgd arbeidet med kommunereforma tett sidan 2014. Arbeidet har i hovudsak vore konsentrert om i språkdelte område, ut frå ei vurdering av at samanslåingar her vil kunne svekka nynorsken og LNK som organisasjon. Samanslåingsalternativ i reine nynorskområde har også vore registrerte og følgde med på, for å sjå om intensjonsavtalane inneheld noko om nynorsk som administrasjons- og tenestespråkspråk. Alle kommunar som har vore med i samanslåingsprosessar har gjort nye språkvedtak hausten 2019. Språkrådet har samla desse og laga ei oppdatert forskrift om språket i norske kommunar, publisert på Lovdata.

Oppfølginga mot enkeltkommunar har skjedd via brev, telefon og e-post. LNK har tatt utgangspunkt i medlemskommunane, der desse har forhandla med, eller inngått intensjonsavtalar med andre kommunar som ikkje har hatt nynorsk som målform. Det er ut frå dette sendt brev til ordførarar og rådmenn i 34 kommunar. Medlemskommunar som har forhandla med, eller inngått intensjonsavtalar med andre nynorskkommunar, har ikkje mottatt slike brev. Hovudbodskapen har vore at kommunane må ta vare på det nynorske språket og sikra at dette ikkje blir skadelidande som følgje av reforma. Vidare har LNK oppmoda om at det vert utarbeidd målbruksplanar for dei nye kommunane, med reglar for målbruk, som sikrar dei nynorske språktradisjonane. LNK har gitt tilbod om rådgjeving til alle som ønskjer hjelp i dette arbeidet. Det har kome få reaksjonar på breva, men nokre lokalviser har fanga opp problemstillinga og skrive om denne.

Konsekvensar av regionreforma

Alt i alt er dei språklege konsekvensane av det omfattande reformarbeidet mindre enn ein kunne frykta.

Det regionale politiske nivået er viktig for å halda oppe det norske språksystemet, og for å hindra fragmentering av ansvaret for nynorsk språk. Dei konkrete prosessane og forhandlingane om regionreforma kom i gang seinare enn kommunereforma.

I vest blei Sogn og Fjordane og Hordaland att i «Vestlandet», etter at Rogaland valde å stå åleine. Dette vil truleg kunna styrkja nynorsk språk. Samanslåing av Agderfylka til Agder; Telemark og Vestfold; Buskerud, Akershus og Østfold til Viken; Hedmark og Oppland til Innlandet, vil derimot ikkje styrka nynorsk. Regionreforma vil truleg føra til at nynorskmiljøa på Sør- og Austlandet blir meir marginaliserte, og det vil vera naturleg at LNK trappar opp arbeidet i medlemskommunane i desse regionane.

Språklege konsekvensar av reformene

Alle nye kommunar, der nynorskkommunar slår seg saman med nynorskkommunar, har gode føresetnader for å styrka det nynorske språket, viss det er vilje til det. For nokre kommunar vil samanslåing lett føra til at nynorsken blir ytterlegare svekka.

Finnøy (nn) og Rennesøy (nø) slår seg saman med Stavanger (bm), og Stavanger vedtek å vera ein språknøytral kommune. LNK mistar Finnøy som medlem. Nynorskkommunen Forsand slår seg saman med Sandnes (nø), og blir såleis del av ein språknøytral kommune. LNK mistar Forsand som medlem.

Telemark og Vestfold fylke slår seg saman til eitt fylke, som i praksis vert språknøytralt, men som har laga føringar på at begge språka skal brukast i regionen. Bø (nn) slår seg saman med Sauherad (nø). Den nye kommunen melder seg inn i LNK. Bø har ikkje vore medlem i LNK dei siste åra, og Sauherad har aldri vore medlem i organisasjonen.

Nesset (nn), Midsund (nø) og Gjemnes (nø) slår seg saman med Molde (nø) til ein språknøytral kommune. Ingen av desse kommunane var medlemer i LNK. Haram (nn) blir slått saman med Skodje (nn), Sandøy (nn), Ørskog (nn) og Ålesund (nø). Nye Ålesund kommune vel å vera ein nynorskkommune i sitt hopehav med staten (§5 i mållova), men vedtek samstundes ein språkplan som langt på veg fører til at kommunen i praksis er språknøytral. LNK mistar i utgangspunktet her medlemene Haram, Skodje og Ørskog, og har til no ikkje fått stadfesta at Ålesund ønskjer å bli med i organisasjonen. Volda og Hornindal slår seg saman til ein nynorskkommune, utan at dette får store språklege konsekvensar. Kommunen melder seg inn i LNK.

Sogn og Fjordane og Hordaland slår seg saman til Vestland fylke og melder seg inn i LNK. Eid og Selje slår seg saman til nynorskkommunen Stad, og melder seg inn i LNK. Selje har aldri tidlegare vore med i LNK. Kinn kommune, Flora og Vågsøy, gjer nynorskvedtak, men har i skrivande stund ikkje meldt seg inn i LNK. Flora var medlem før reforma, medan Vågsøy aldri har vore medlem i LNK. Sogndal, Balestrand og Leikanger slår seg saman, gjer nynorskvedtak og melder seg inn i LNK. Meland, Radøy og Lindås går saman inn i Alver kommune, gjer vedtak om nynorsk og medlemskap i LNK. Vest for Bergen går nynorskkommunane Fjell, Sund og Øygarden saman i nye Øygarden kommune, gjer nynorskvedtak og melder seg inn i LNK. Sør for Bergen vert den nye kommunen Bjørnafjorden til, sett saman av Os og Fusa. Den nye kommunen gjer vedtak om nynorsk og om medlemskap i LNK. I Hardanger går nynorskkommunane Jondal og Ullensvang saman med språknøytrale Odda i nye Ullensvang kommune, som gjer vedtak om nynorsk og melder seg inn i LNK. Odda er for tida ikkje medlem i LNK.

LNK har, når dette vart skrive, ikkje fått avklara om Kinn og nye Ålesund blir med i organisasjonen, men begge desse kommunane er inviterte med.

Etter reformene har Noreg ved årsskiftet ni språknøytrale og to nynorske fylkeskommunar. Vidare har Noreg no 356 kommunar. 90 av desse har gjort vedtak om nynorsk, 117 har gjort vedtak om bokmål, medan 149 er språknøytrale.

Landstinget 2019

NK arrangerte landsting i Førde 6.-7. juni på Scandic Sunnfjord Hotell. Tinget var òg ei feiring av 25-årsjubileet til LNK. Landstinget hadde 86 deltakarar.

Landstinget hadde fire hovudtema:

- Den digitale framtidsskulen på nynorsk
- Klarspråk i kommunereforma
- Mediemedlinga og framtida for nynorsk i lokale medium
- Med nynorsk på tanken: om korleis stimulera til fleire nynorske kulturproduksjonar gjennom Kulturtanken/DKS.

I tillegg hadde landstinget ein bok kalla nynorsk inspirasjon, der representantar for nyskapande prosjekt i nynorskkommunane fortalte om desse. Det var denne bolken som fekk best tilbakemeldingar.

Tore Renberg og Tønes stod for programmet på festkvelden.

Landstinget vart arrangert av LNK i samarbeid med Førde kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune.

I 2021 vert Stord vertskommune for landstinget, medan Nye Øygarden kommune har søkt om å få arrangementet i 2023.

Nytt prinsipp- og arbeidsprogram

På landstinget 2019 vart det vedteke nytt prinsipp- og arbeidsprogram.

LNK skal framover mellom anna arbeida med å:

-styrkja språkopplæringa i kommunar, fylke og stat, arranger fagsamlingar og fellestilskipingar for medlemene

- tilby kursa «På saklista» og «På brett og tavle» gratis til medlemene så langt økonomien tillet dette

- arbeida for å setja språkspørsmål og språkpolitikk inn i ein vidare kulturell samanheng, og for at medlemene trekkjer inn språk som ein naturleg del av omdømmebygginga.

- meir vekt på språk og kultur elles i barnehagane

- synleggjera nynorsk på nett for barn og unge

- vidareutvikla Pirion.no, Magasinett.no, Framtida.no, Framtidajunior.no og Startsida.no

arbeida for at det vert utvikla fleire digitale læremiddel, appar og meir relevant programvare på nynorsk

- arbeida for at kommunane vedtek språkplanar og integrerer desse i kommunale planverk

- arbeida for at framandspråklege får fullgode læremiddel på nynorsk. Det skal vera eit statleg ansvar å syta for at det finst tilgjengeleg læringsmateriell av god kvalitet på nynorsk for framandspråklege

- arbeida vidare med strategisk nettverksbygging som kan synleggjera nynorsk

Framtida.no

I 2010 la LNK om informasjonsstrategien sin. Medlemsavisa vart lagd ned og organisasjonen satsa systematisk på å nå barn og unge gjennom nyetableringa Framtida.no. Rekordmange

brukarar og siteringar viser at den nynorske journalistikken til Framtida.no når ut til stadig fleire. Totalt i 2019 har over 960 000 brukarar vore innom Framtida.no. Det er ein oppgang på 135 000 frå rekordåret 2017. I snitt var over 24 000 brukarar innom Framtida.no kvar veke i 2019. Kvar månad har 60-120 000 brukarar vore innom nettstaden. Trafikken frå læringsplattformer som It's learning, Fronter og Google Classroom held fram med å auka, og har mangedobra seg sidan 2017. Dette viser at Framtida.no blir mykje brukt i skulen.

Satsing på kvalitetsjournalistikk og sosiale medium

I løpet av 2019 har Framtida.no publisert 1 600 artiklar, kring 300 færre enn året før. Dette av di det har vore ei medviten satsing på å laga meir kvalitetsjournalistikk som krev meir arbeid. Redaksjonen har brukt meir tid på eit stort klimaprojekt, og meir tid på laga fleire lengre artiklar, intervju og reportasjar.

Sidan september 2010 har Framtida.no og Magasinett publisert over 18 900 artiklar. På nyåret i 2018 vart resten av arkivet til Magasinett inkludert i desse tala.

Frå hausten 2019 har Framtida satsa meir målretta på Instagram med Instagram stories. Ved årsskiftet følgde 6 374 oss på Facebook – ein oppgang på 613 i løpet av året. På Instagram er det no 1 521 som følgjer oss. På Twitter har Framtida 2 950 følgjarar.

Journalistikk som blir lagt merke til

Ifølgje Retriever er Framtida.no sitert eller omtalt i andre nyheitsmedium på nett og papir 428 gongar i 2019. Det er ein auke på 176 sidan 2018.

ABC Nyheter har brukt 83 saker frå Framtida.no, noko som er ny rekord. Framtida.no har òg hatt rekordmange saker på SOL.no, og dei fleste riksavisene har sitert fleire saker frå Framtida.no.

Klimaprojektet, kåringane av dei beste barne- og ungdomsbøkene på nynorsk og sakene v om song i skulen har blitt sitert flest gonger.

I mai fekk Framtida.no-redaktør Svein Olav B. Langåker den første Folk i sentrum-prisen til Stord Næringsråd for å engasjera og informera born og unge i viktige samfunnsspørsmål.

Klimajournalistikkprosjekt

Me vil med dette takka Fritt Ord for støtta me har fått til prosjekta «Klimajournalistikk for heile landet» og «Klimajournalistikk som set dagsordenen i lokalvalet». Framtida.no har samarbeidd med Energi og Klima, ABC Nyheter, Landslaget for lokalavisar (LLA) og medlemsavisene i LLA om prosjekta. Hovudmålet har vore å laga kritisk, undersøkande og opplysande klima- og miljøjournalistikk som når mange lesarar og sette temaa på dagsordenen før lokalvalet i 2019.

Me har publisert 211 klimaartiklar i prosjektperioden og laga artikkeleriar om lokal klimarisiko, lokale klimaløysingar og ein artikkelerie om klima og klimatilpassing i lokalvalet. 69 artiklar er sitert eller publisert i andre avisar.

I vinter spurde me rådmenn i alle kommunar om klimatiltak og klimamål i kommunane. 200 svara. Resultata viser at det er store forskjellar i klimamål og klimatiltak frå kommune til kommune.

Me har òg skrive om resultata frå ei stor undersøking som me sende ut til alle førstekandidatane på kommunevallistene. 900 førstekandidatar svara. Undersøkinga viser at det er store forskjellar mellom kommunane, mellom partia og frå lokallag til lokallag. Det gjeld både ambisjonar for «klimakutt» og i måten listekandidatane ønskjer å kutta. Undersøkinga vil også vera interessant å følgja opp seinare for å sjå om politikarane held løvnadene sine.

Me har òg bidratt med tips, kurs og gravehjelp til lokalavisene og laga til fire debattar og debattkurs saman med ungdom, og seks opne arrangement.

Bokåret 2019

Framtida.no har leia eit større samarbeidsprosjekt for å skapa merksemd og interesse for den nynorske barne- og ungdomslitteraturen i Bokåret 2019. Prosjektet er støtta av Nasjonalbiblioteket og har vore delt i to hovuddelar.

Som ein del av prosjektet har Nynorskenteret, Pirion, Framtida.no og Framtidajunior.no tatt initiativ til å kåra dei beste barnebøkene på nynorsk etter 2000 for å visa breidda i den nyare, nynorske barnelitteraturen skrivne av norske forfattarar. [Ein jury](#) har kåra dei ti beste [barnebøkene](#), [ungdomsbøkene](#), [bildebøkene](#) og [faktabøkene for barn og unge](#) som er skrivne på nynorsk etter år 2000. Barn og unge frå heile Noreg har sendt inn forslag.



Barn og unge over heile landet har kome med forslag til kva som er dei beste nynorske barnebøkene. Foto: Svein Olav B. Langåker

Debattprosjekt, journalistkurs, bokbad og andre arrangement

Til liks med fleire andre medium er arrangement eit nytt bein å stå på for Framtida.no. Framtida.no vore med på å arrangera debattkurs for skuleklassar i flere kommunar. Debattmodellen vår har no blitt ein modell som fleire ønskjer å kopiera, og me planlegg fleire debattkurs og debattar i året som kjem.

Andre tiltak:

- samarbeid med Falturiltu om å arrangera [Falturiltuseminaret](#)
- kursa kring 200 ungdommar på Fitjar og Stord i bokbad og debatt
- vore medarrangør av [Berekraftvekene](#) med fleire arrangement i januar og februar
- kurs/foredrag om klimajournalistikk på landstinget til Landslaget for lokalaviser, på årskonferansen til Møre og Romsdal Journalistlag og fleire skuleklassar.
- innleiingar på fleire lærarkonferansar: både i regi av [Høgskolen i Innlandet](#), [Mediebedriftene](#) og Foreningen Iles.
- samarbeid om [Pecha Kucha](#)-arrangement på Stord om ungdom si fritid
- ansvaret for programarbeidet til landstinget til Landssamanslutninga av nynorskkommunar

Skrivekonkurransar

Med Magasinett har Framtida.no samarbeidd om tre skrivekonkurransar i løpet av 2019. Ein skrivekonkurranse om [klima](#), ein om «[rommet mitt](#)» og ein skrivekonkurranse der ungdom kunne velja mellom å skriva om «[å gi tid](#)» eller å [skriva eit ope brev til ordføraren](#). I desse kom det inn godt over 500 bidrag – noko som er ny rekord.

Skrivekonkurransen om «rommet mitt» var eit samarbeid med Foreningen !les.

Framtidajunior.no

I 2019 har over 88.000 brukarar vore innom Framtidajunior.no – ein oppgang på 23 prosent sidan 2018. Totalt sidan oppstarten 17. oktober 2017 har over 160.000 brukarar vore innom desse nettsidene.

Framtidajunior.no blir mykje brukt i skulen, men me er òg glade for at trafikken aukar i helgane. Det kan tyda på å Framtidajunior.no også blir brukt meir i fritida.

Framtidajunior.no har gjennomført fire [skrivekonkurransar](#) i 2019. Totalt har det kome inn over 950 tekstar frå barn over heile landet. Det er meir enn ei dobling frå 2018. Dei beste tekstane er publisert på [meiningar-sidene](#) til Framtidajunior.no.

I 2019 har me publisert 899 artiklar på Framtidajunior.no og 58 kvissar. Sidan starten 17. oktober 2017 er det publisert 1975 artiklar og 108 kvissar.

Framtida Junior – papiravis

I samarbeid med Hallingdølen, Hordaland, Os og Fusaposten, Sogn Avis, Sunnhordland og ABC Startsiden driv me papiravisa Framtida Junior. Avisa kjem kvar 14. dag til abonnentar over heile landet. Målet er at inntektene frå abonnementssal vil gi eit bidrag til meir journalistikk på nynorsk for barn gjennom Framtida Junior. Avisene har allereie bidratt mykje inn i samarbeidet, med både marknadsføring og nesten halvparten av innhaldet til papiravisa.

Talet på abonnentar er stabilt, men likevel eit godt stykke frå å finansiera eit fullt journalistisk årsverk. Så langt går mesteparten av inntektene til trykking, distribusjon og grafisk arbeid.

I den nasjonale avisveka vart det sendt ut 12 000 utgåver av Framtida Junior til sjetteklassingar over heile landet, i samarbeid med Mediekompasset.

I 2020 vil det bli opna for samarbeid med fleire aviser om å gi ut Framtida Junior på papir, og me vil forsterke abonnementsarbeidet.

Gode samarbeidspartnarar

I 2019 har Framtida.no fått fleire nye samarbeidspartnarar. Mellom anna har endå fleire bibliotek byrja å leggja ut bokmeldingar og anna litteraturstoff frå Framtida.no på sidene sine.

Framtida.no har halde fram samarbeidet om seminar for lærarar og bibliotekar på Høgskulen på Vestlandet på Stord under den nynorske barne- og ungdomslitteraturfestivalen Falturiltu.

Framtida.no har framleis samarbeidsavtalar med lokalavisene Bømlo-Nytt, Møre-Nytt, Møre, Porten.no, Ryfylke, Nordhordland, Vigga, Bladet Tysnes, Tysvær Bygdeblad, Vikebladet Vestposten, Vestavind, Bø Blad, Fjuken, Grannar, Hallingdølen, Kvinnheringen, Strandbuen, Suldalsposten, Sunnhordland og Vest-Telemark Blad, i tillegg til Dag og Tid, Magasinett, Norsk Barneblad, LNK.no og Dusken.no. Dette har gitt Framtida.no tilgang på godt lesestoff, samstundes som det har gjeve samarbeidspartnarane meir trafikk gjennom direkte lenker til nettavisene deira. Bruken av stoff frå samarbeidsavisene har gått noko ned gjennom dei siste åra i tråd med betalingsmur/plussabonnement på sakene deira.

Fleire aviser har valt å leggja ut ein nyhendeboks med Framtida-saker på sidene sine, slik at leesarane deira kan få dei siste sakene frå Framtida.no direkte på lokalavisa si nettutgåve.

Redaksjonen i Framtida.no har ansvar for å drifta Magasinett – nettidsskriftet for ungdomsskuleelevar og elevar på vidaregåande og Pirion.no – eit nettisskrift for tilsette i barnehage og småskule.

Økonomi i publiseringprosjekta

Ingen andre nynorsktiltak når så mange brukarar for så lite pengar som Framtida.no. Me er svært glade for at fleirtalet på Stortinget sikra ei støtte på 1,2 millionar kroner til Framtida.no og Framtidajunior.no ved behandlinga av revidert budsjett – og minst like glade for at støtta held fram i 2020 etter å ha kome inn i statsbudsjettet. I ein merknad frå kulturkomiteen i desember 2018 heiter det:

«Komiteens flertall, medlemmene fra Høyre, Fremskrittspartiet, Senterpartiet, Venstre og Kristelig Folkeparti mener de to barne- og ungdomssatsingene til Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) er to svært vellykkede og viktige tiltak. Både framtida.no og framtidajunior.no leverer journalistikk som barn og ungdom ikke får tilgang til på nynorsk ellers. Flertallet oppfordrer regjeringen til å se på hvordan man kan sikre at disse satsingene kan videreføres.»

Me er svært glade og takksame for alle andre som har støtta drifta vår i løpet av året som har gått.

ABC Startsiden har støtta Framtida.no med 320.000 kroner og gratis kontorlokale i 2019.

Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) støtta med 350.000 kroner direkte til Framtida.no.

Framtidajunior.no har fått 200.000 frå LNK i 2019. Og Framtidajunior.no har blitt støtta av Utdanningsdirektoratet, Magasinett og Sparebanken Vest.

I 2019 har Framtida.no hatt ansvar for den redaksjonelle drifta av LNK.no, og har fått 350.000 i kompensasjon for dette. Framtida.no-redaksjonen har òg hatt ansvar for drifta av Pirion.no og Magasinett.

Norsk Kulturråd har gitt Framtida.no 150.000 kroner i tidsskriftstøtte.

Fritt Ord støtta [klimajournalistikkprosjekta](#) våre med til saman 450.000 kroner.

Framtida.no har òg hatt nokre inntekter frå sal av bilde og artiklar til avisar, debattkurs og leiring av debattar og bokbad.

Spreiing og nyhendebrev

I 2019 er det framleis fleire avisar som har lagt ut nyhendeboksar frå Framtida.no på sidene sine. Me har gjort det lett for biblioteka å leggja ut siste nytt om bøker og siste bokmeldingar frå Framtida.no på nettsidene sine. Så langt har over 30 bibliotek lagt ut dette på nettsidene sine, og det er berre til å ta kontakt om du ønskjer dette.

Framtida.no har òg eit nyhendebrev for boknytt.

Planar for 2020

Framtida.no skal bli endå betre på å skriva om kultur, politikk, klima, identitet, skule og jobb/yrkesval for ungdom. Me ønskjer å bli oppfatta som ei seriøs avis for unge som tar ungdom og *generasjon alvor* på alvor. Me vil likevel ikkje berre vera alvorlege – det må vera rom for underhaldning òg.

Framtida.no vil laga fleire artikkeleriar, mellom anna ein portrettserie om ungdom og identitet.

1. september 2020 er det 10 år sidan Framtida.no starta. Me har planar om å markera jubileet med fleire arrangement gjennom året, og inviterer til samarbeid om å skapa debattar, samtalar og andre arrangement fleire stader i Noreg.

Framtida.no vil i året som kjem invitera endå fleire avisar, skular og kommunar til samarbeid. Me vil også arbeida for å bli endå meir brukt i skulen.

Framtida.no har to mål: å visa fram og auka engasjementet til ungdom, og vera eit lokomotiv for nynorsken på nett saman med Startsida.no, Magasinett, LNK.no, Pirion og alle dei andre samarbeidspartnarane våre.

På saklista

Det vart i meldingsåret arrangert ni «På-saklista»-kurs. Desse språkkursa vart kvalitetssikra av HVL (Høgskulen på Vestlandet), som også hadde ansvaret for sal av kursa, rekruttering og sertifisering av kurshaldarar. HVL stod også som teknisk arrangør av kursa. Kursboka er «På saklista. Språk og saksbehandling på papir og nett» av Jan Olav Fretland. Deltakarar oppfattar «På saklista» som både eit språkkurs, eit saksbehandlingskurs og eit klarspråk-

kurs. Tilbakemeldingane deira er svært gode, og dei legg vekt på nytten av kurset i den kommunale kvardagen. Kursa går over to dagar og kurshaldar kjem til kommunen for å halda dei.

Jan Olav Fretland har òg, over same leisten, utvikla kurset «På tavle og skjerm», skreddarsydd for lærarar som ikkje har norskfagleg bakgrunn. Kurset er klart for å takast i bruk av medlemskommunane hausten 2020.

Både «På saklista» og «På tavle og skjerm» er gratis for betalande medlemer i LNK og kostar om lag kr 35 000 (pluss reiseutlegg) for ikkje-medlemer.

Hausten 2019 vart ansvaret for utvikling, innsal og gjennomføring av «På-saklista»-kursa overført frå Høgskulen på Vestlandet (HVL) til selskapet Fretland & Fretland AS i Lærdal. Språkkursa skal framleis kvalitetssikrast fagleg av HVL. Det tredje opplaget av «På saklista»-kursheftet som no er i bruk, er sterkt utvida. Undertittel er: «Språk og saksbehandling på papir og nett.»

I 2019 har Mathias Øvsteng, Jostein Fretland, Marit Kleiven og Jostein Mo vore kurshaldarar.

Nynorsk og digitale læremiddel

Opplæringslova slår fast at elevar har krav på læremiddel på si eiga målform. Tidlegare var det relativt lett å kontrollera at staten følgde opp pliktene sine på dette området, men læremiddel er ikkje lenger berre bøker. Digitaliseringa har kome for fullt, også i skulen. Samstundes tek ikkje utviklarar og leverandørar av appar og programvare ansvar for språk i produkta sine. Det kan sjå ut som om nasjonale styremakter heller ikkje vil ta grep på dette området, men heller ønskjer å leggja alt ansvar på enkeltkommunar.

Etter at LNK i oktober 2018 første gong oppmoda medlemene om å ta kontakt med departementet om mangelen på digitale læremiddel på nynorsk, har berre ei handfull kommunar gjort politiske vedtak i saka.

På landstinget i Førde tok Vaksdal kommune saka opp att, og administrasjonen vart bedd om å senda ut oppmodinga på nytt. Det vart gjort, men berre nokre få kommunar har, så langt LNK kjenner til, gjort nye vedtak.

Dei kommunane som har gjort vedtak og sendt inn desse, har alle fått unnvikande svar frå Kunnskapsdepartementet/Utdanningsdirektoratet. LNK har fått signal som peikar i same lei. Direktoratet aksepterer i utgangspunktet ikkje at digitale læremiddel automatisk skal kunna defineraast som ordinære læremiddel, og at det difor ikkje er eit krav at dei skal liggja føre på både nynorsk og bokmål. Vidare argumenterer direktoratet og departementet med at dette er skuleeigars ansvar, noko som sjølv sagt er upraktisk og byråkratisk. I praksis fører dette til at nynorskelevar i dag må bruka mange læremiddel på bokmål eller engelsk.

Det er svært viktig at nynorskkommunane står saman om å krevja digitale læremiddel både på nynorsk og bokmål. Nokre kommunar har alt gjort vedtak om at dei ikkje vil kjøpa inn programvare som ikkje finst på nynorsk, men dette er vanskeleg når det ikkje finst relevant programvare på nynorsk, og ofte heller ikkje på bokmål. Sidan krav frå kommunane til enkeltleverandørar i praksis

gjer lite inntrykk, bør kommunane samstundes stilla krav til Kunnskapsdepartementet om at digitale læremiddel kjem inn under Opplæringslova, gjennom ei forskrift eller ei lovendring.

Situasjonen i dag er uro og frustrasjon i skule, i kommunane og i nynorskorganisasjonane over ein klassisk situasjon: eit forelda lovverk som ikkje er tilpassa dagens teknologi.

Språkplanar

Mal for kommunal språkplan er teken ut av den siste utgåva av «På saklista»- kursheftet. Ein ny og sterkt oppdatert versjon av LNK-malen er tilgjengeleg på LNK.no. Det er også laga ein eigen mal for språkdelte kommunar som ønskjer å vera reelt språknøytrale. Dosent Jan Olav Fretland ved Høgskulen på Vestlandet (HVL) har hatt ansvaret for begge dei nye malane.

Nynorske læremiddel for framandspråklege

Mangefull opplæring i nynorsk for framandspråklege er eit tema LNK har hatt på dagsordenen i fleire år. Mange nynorskkommunar nyttar framleis bokmål som opplæringsmål for framandspråklege, men per 31. desember 2019 hadde om lag 50 medlemskommunar gått over til nynorskopplæring. Dette talet er LNK ikkje nøgd med. Eitt av argumenta for å velja bokmål som opplæringsmål at det finst altfor få læremiddel på nynorsk for denne gruppa, og at det som finst er alt for därleg.

Dette er ikkje tilfelle lenger. Dei siste åra har tilfanget av nynorske læremiddel auka kraftig, ikkje minst takka vera det arbeidet Kompetanse Noreg gjer.

LNK er medlem i ei arbeidsgruppe i Kompetanse Noreg og bidreg der til å setja desse spørsmåla på dagsordenen. Arnfinn Vigrestad og Nils R. Sandal har representert LNK i gruppa.

Slik det er i dag vert avgjerd om målform for framandspråklege i mange kommunar overlate til rektorane og dei som underviser. Dette meiner LNK er uheldig. Slike saker bør opp på den politiske dagsordenen, og LNK rår til at kommunepolitikarane tek tilbake den politiske styringsretten på dette området.

LNK har i 2019 hatt fokus på kommunereforma og kva verknad denne kan få for medlemskommunane. Organisasjonen har vore opptatt av integrering og kva undervisningsspråk ein tilbyr framandspråklege som kjem til landet. Det er viktig for LNK å få fram at opplæringsspråk for framandspråklege og integreringsarbeid også må vera med i drøftingar, og verta nedfelt i eventuelle samarbeidsavtalar som kommunane vedtek.

Høyringsfråsegner

LNK har vedteke fleire høyringsfråsegner i 2019, mellom anna om:

- arbeidsrelevans i høgare utdanning
- endring i forskrift til opplæringslova
- ny nasjonal bibliotekstrategi
- den nye språklova
- språkmeldinga

- melding om barne- og ungdomskultur

Andre verv

Ålesund vart kåra til Årets nynorskkommune 2019. Språkrådet legg dei faglege føringane, medan Kulturdepartementet deler ut prisen. Dagleg leiari i LNK er med i juryen.

LNK er medstiftar i Nynorsk kultursentrum som no har hovudkontor i Ørsta, og avdelingar i Ulvik og Vinje. Gunnar Strøm representerer LNK i rådet, medan Hallvor Lilleslett er vara.

LNK er medstiftar i Nynorsk avissenter i Førde. Svein Olav Langåker representerer LNK i styret.

LNK driv stiftingane Magasinett og Piron med utgangspunkt i langsiktige avtalar med stiftingane. Begge avtalane vart reviderte i 2019. Dagleg leiari i LNK er styreleiar i dei to stiftingane.

Nasjonalbiblioteket inviterte i 2019 LNK med i prosjektet «E-translasjon», saman med mellom andre Språkrådet. Dagleg leiari er med i styringsgruppa, medan Jan Olav Fretland representerer LNK i arbeidsgruppa.

Medlemer

Medlemstal var per 31. desember 2019 126, det høgaste medlemstalet i LNK si historie. Av desse medlemene var 104 kommunar, fire fylkeskommunar og 18 regionråd/andre kommunale selskap. Medlemstalet har vore stabilt veksande.

Grunna kommune- og regionreformene vert medlemstala i 2020 reduserte til 86 kommunar, tre fylkeskommunar og 18 regionråd/andre IKS.

Styre

På Landstinget 2019 gjekk Odd Ivar Øvregård ut av styret. Etter dette har styret i LNK vore sett saman slik:

Solfrid Borge (leiari)
Gunnar Strøm (nestleiar)
Hallvor Lilleslett
Magnus Mjør
Kari Våge Gjuvsland

Vara:

- 1) Marit Nerås Krogsæter (1. vara - møter fast i styremøta)
- 2) Nils R. Sandal
- 3) Jarle Skartun

Økonomi

Samla rekneskap for 2019 syner eit overskot på kr 61 693 (ikkje revidert/revidert rekneskap ligg føre i april). Overskotet vil bli brukt til å styrkja eigenkapitalen i organisasjonen. Av ein omsetnad på 8,3 mill. var 2,7 mill. statstilskot frå Kulturdepartementet, , 1,7 mill. medlemskontingent, medan 3,9 mill. var eigne inntekter – først og fremst prosjektilskot, tilskot frå samarbeidspartnerane Fagforbundet og KLP-forsikring, og annonsesal. Ein samarbeidsavtale med Hotell Bondeheimen har ein verdi på om lag 100 000 (gjeld gratis overnatting for tilsette/styre), men denne summen er ikkje synleggjort i rekneskapen.

Revisjon

Vekst revisjon i Oslo er revisor for LNK.

Administrasjon og redaksjon

Dagleg leiar har vore Vidar Høviskeland. Rekneskapsførar/økonomimedarbeidar har vore Ola Relling i 14% stilling.

I 2019 har Framtida.no hatt ein redaksjon på fire årsverk. Andrea Rygg Nøttveit, Svein Olav B. Langåker og Bente Kjøllesdal har jobba gjennom heile året. I august byrja Ingvild Eide Leirfall som journalist for Framtida.no og Magasinett. I januar og februar jobba òg Beate Haugtrø og praksisjournalistane Ida Johanne Aadland og Janne Merete Bøyum.

Eirik Tangeraas Lygre og Emilie Hansen har vore sommarvikarar. Fleire har frilansa frå fleire stader i Noreg elles i året. Me har òg vore på fleire reportasjeturar, noko som har hjelpt oss med å få journalistikk frå fleire stader i landet.


Janne Nerheim og Christian Wiik Gjerde har gjennom heile året jobba med Framtidajunior.no.

Redaksjonen har kontor i Oslo og på Stord.

Konsulentar i LNK elles har vore Arnfinn Vigrestad, Tone Skjerdal, Jan Olav Fretland, Jostein Fretland, Jostein Mo, Mathias Øvsteng, Marit Kleiven, Gerhard Stoltz, Trygve Kvandal, Arvid Brurok og Elling Hetland.

Landssamanslutninga av nynorskommunar (LNK) er ein kultur- og interesseorganisasjon for kommunar, fylkeskommunar og interkommunale føretak. Organisasjonen har som føremål å fremje nynorsk språk og kultur i offentleg verksemd. Alle kommunar, fylkeskommunar og interkommunale føretak som gjer bruk av nynorsk språk i skulen og/eller i administrasjonen, kan verte medlemer i LNK. Organisasjonen er lokalisert i Oslo. I samsvar med § 3-3 i rekneskapslova er det med dette stadfestat at ein føresetnad om framleis drift er lagd til grunn ved utarbeiding av rekneskapen. Arbeidsmiljøet i LNK er godt. Det har ikkje vore sjukdomsfråvær i meldingsåra, og det har heller ikkje vore skadar eller ulukker på arbeidsplassen. Kjønnsbalansen i administrasjonen og i styret er god. LNK driv ikkje med aktivitetar som fører med seg ureining av det ytre miljøet.


Trondheim 04.03.2020
Styret i Landssamanslutninga av nynorskkommunar


Vidar Åge Høviskeland

Dagleg leiar


Solfrid Borge


Styreleiar


Gunnar Strøm


Nestleiar


Hallvor Lilleslett

Styremedlem


Magnus Mjør

Styremedlem


Kari Vaage Gjøvsland

Styremedlem

Framlegg til vedtak:

«Styret godkjenner Årsrapport 2019 slik han ligg føre»